



Damelaget ved heimkomsten frå Danmark. Katrine Yri Røsmland og Ingebjørg Haugland er på laget, Foto: Arvid Nes

Rosendal Turnlag har gjeve ut ein gedigen trykksak som dei naturleg nok kallar ROTULA og den inneheld alt av prestasjonar og plasseringar frå i fjor. Her ligg det ein enorm jobb bak, men kva skriftet ikkje fortel er uskedelingane sin plass i laga og korleis dei har møtt fram og hevda seg.

Det gjeld til dømes damelaget som pryder framsida og med Ingebjørg Haugland og Katrine Yri Røsmland på laget. Biletet er teke på kaia ved heimkomsten frå Dana Cup som også var ein suksess for Rosendal.



Veteran Reidun Musland og nybegynnar Ingebjørg Haugland er begge frå Uskedalen. Foto: Arvid Nes

Tabellen fortel at 8 uskedelingar har vore med i stallen til dette laget. I tillegg til Ingebjørg og Kathrine er det Reidun Musland, Anette Sandnes, Gørill S. Eik, Anita Simensen, Hege Lekva og Kari Bråtun. Reidun og Anette toppar nesten treningsstatistikken med deltaking 47 gongar. Berre Hildegunn Furdal har vore med på trening fleire gongar og talet er 53, Adelskalendaren for damelaget har også eit betydeleg innslag frå Uskedalen. Reidun Musland ligg heilt oppe på andreklassen etter Kristine E. Medhaug med 166 kampar medan Medhaug har spela 180. Gørill S. Eik ligg på femteplass med 145.

Nedover lista finn vi Anita Simensen med 67, Hege Lekva med 62 og vidare Bente Musland (32), Line Soltveit (32), Gro Heidi Åsen (29), Anette Sandnes (28), Ida Røssland (27), Hege Myklebust (29), Elisabeth Sæle (17), Tove Lekva (15), Lena Irene Musland (10), Heidi Legland (9), Britt Rød (9), Ingebjørg Haugland (9), Janne Døssland (7), Kari Bråtun (6), Helene Haugland (2), Katrine Yri Røssland (2) og Camilla Myklebust (1)

På statistikken for jentelaget finn vi Kari Bråtun, Anne Marte Zimmer og Katrine Yri Røssland med 17 kampar kvar og Ingebjørg Haugland med 10.

På statistikken for småjenter fødd i 1997 og 1998 er Thea A. Helgesen på andreklassen med 55 treningar og Hans Fr. Zimmer toppar gut 1995/196 med 30 treningar. Johannes Taranger har 25, og Hermund Døssland 23 i denne klassa.

I smågut 1998 har mellom andre Kjartan Tungesvik spela og det har også Johannes Haugland

På A-laget har Tomy Røssland spela 12 kampar og delteke i 53 treningar. Treinar Lars Johan Myklebust har sjølv spela 18 kampar. Her er det naturleg nok fleire med på adelskalendaren

og den kjem vi attende til.

Det er også sikkert nokon vi har gløymt i fleire alders-sjikt og vi ber om orsaking for det.

Av Ola Matti Mathisen